



Møteprotokoll Formannskapet

Møtedato: 07.10.2015
Møtestad: Kommunehuset - Børildsen
Møtetid: 09:00-1030

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordfører
Helge Dyrkolbotn	KRF	Varaordfører
Liv Ulvøy	V	Medlem
Ernst Stellberg	H	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Jan Olav Osen

Dato 08.10.15

Per Lerøy
ordfører

Jan Olav Osen
rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
130/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
131/15	Godkjenning av møteprotokoll
132/15	Meldingar
133/15	Delegerte saker
134/15	Orienteringssak
135/15	Dispensasjon - Sak 15/601 - gbnr 131/208 - Fønnesstraumen
136/15	Vintervedlikehald - 2015 - 2019
137/15	Uttale til høyring av tilleggsutgreiing for Johan Sverdrup Oljerøyr gjennom Fensfjord-trasèen
138/15	Tertialrapport nr.2. 2015 med budsjettjusteringer
139/15	Lønn til rådmann og assisterande rådmann

130/15: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

07.10.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 130/15 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

131/15: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

07.10.2015 FORMANNSKAPET

Ernst Stellberg viste til at sak 124/15 vart vedteke med 4 røyster mot 1 røyst(Ernst Stellberg).

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke med fylgjande endring under behandling i sak 124/15::

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 4 røyster mot 1 røyst(Ernst Stellberg) .

FS - 131/15 Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent med fylgjande endring under handsaming i sak 124/15:

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 4 røyster mot 1 røyst(Ernst Stellberg) .

132/15: Meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

07.10.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 132/15 Vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

133/15: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering

07.10.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 133/15 Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering

134/15: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

07.10.2015 FORMANNSKAPET

- Ordføraren orienterte om utdelt uttale frå regionrådet til samferdselsministeren si utgreiing om samanslåing av Sjøtrafikksentralane i landet.

Fellesframlegg:

Orienteringa vart samrøystes teke til vitande.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

FS - 134/15 Vedtak:

Orienteringa vert teke til vitande.

135/15: Dispensasjon - Sak 15/601 - gbnr 131/208 - Fønnesstraumen

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim gjev dispensasjon som omsøkt til å auke utnyttingsgraden med 4,4 %.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland på klagevurdering.

07.10.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - 135/15 Vedtak:

Formannskapet i Austrheim gjev dispensasjon som omsøkt til å auke utnyttingsgraden med 4,4 %.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland på klagevurdering.

136/15: Vintervedlikehald - 2015 - 2019

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre gjev rådmannen fullmakt til å inngå kontrakt med E Haugen as for sone 1 og 3, med Anders Austrheim for sone 2 og 4 og med Jan Ove Arnø for sone 5. Kostnaden vert dekkja frå konto 600.3330.12305 Vintervedlikehald..

07.10.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 136/15 Vedtak:

Austrheim kommunestyre gjev rådmannen fullmakt til å inngå kontrakt med E Haugen as for sone 1 og 3, med Anders Austrheim for sone 2 og 4 og med Jan Ove Arnø for sone 5. Kostnaden vert dekkja frå konto 600.3330.12305 Vintervedlikehald..

137/15: Uttale til høyring av tilleggsutgreiing for Johan Sverdrup Oljerøyr gjennom Fensfjord-trasèen

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune meiner at landalternativet som vil gje arbeid til norske arbeidstakarar i ei tid med sterkt aukande arbeidsløyse bør resultera i at staten som den største eigaren i Statoil og som konsesjonstildelar på kontinentalsokkelen instruerer oljeselskapa om å velja landalternativet for Sverdrup-røyrret.

Austrheim kommune er overtydd om at den beste løysinga for det norske samfunnet samfunnsøkonomisk og risikomessig, er at oljerøyrret for Johan Sverdrup-feltet vert lagt over land frå Bergsvikhamn til Mongstad. Austrheim kommune er svært uroa over konsekvensane av ei eventuell uønskt hending under arbeidet med å leggja den nye oljerøyrleidninga i Fensfjorden.

Austrheim kommune viser elles til uttalen i saksutgreiinga.

07.10.2015 FORMANNSKAPET

Framlegg frå Ernst Stellberg(H):

Austrheim kommune viser til ovannemnde tilleggsutgreiing for Fennsfjordtrase'en av 15. september 2015.

Ved endeleg avgjerd om val av trase', ber Austrheim kommune om at ein vektlegg dei omfattande positive lokale og regionale økonomiske og sysselsetjingsmessige konsekvensar, ved at oljerøyrret vert lagt over land frå Bergvikshamn til Mongstad.

Framlegget vart vedlagt møteboka.

Framlegg frå Reidar Øksnes:

Saka vert utsett.

Framlegget frå Reidar Øksnes vart samrøystes vedteke.

FS - 137/15 Vedtak:

Saka vert utsett.

138/15: Tertialrapport nr.2. 2015 med budsjettjusteringer

Rådmannen sitt framlegg:

Tertialrapport nr.2. 2015 vert teke til vitande og budsjettjusteringer vert godkjent slik det ligg føre i rapporten.

07.10.2015 FORMANNSKAPET

Framlegg frå Ernst Stellberg(H):

Det refererast til saksførebuinga for tertialrapport nr. 2 2015, og spesielt til første avsnitt som lyder: "Ifølge økonomireglementet skal det legges fram en rapport som viser fram den økonomiske situasjonen, avvik som har oppstått i driftsåret, tiltak må gjennomføres for å oppnå balanse mellom budsjett og regnskap, samt konsekvenser av slike tiltak".

Då det er store manglar i høve til dette ovannemnde absolutte krav, så kan ikkje tertialrapport nr. 2 2015 med budsjettjusteringar godkjennast.

Framlegget fekk 2 røyster(Ernst Stellberg og Liv Ulvøy)

Rådmannen sitt framlegg vart tilrådd med 3 røyster.

FS - 138/15 Vedtak:

Tertialrapport nr.2. 2015 vert teke til vitande og budsjettjusteringer vert godkjent slik det ligg føre i rapporten.

139/15: Lønn til rådmann og assisterande rådmann

Rådmannen sitt framlegg:

Ordfører vil leggja fram sak til formannskapet og koma med tilråding i møte på lønn.

07.10.2015 FORMANNSKAPET

Rådmann Jan Olav Osen gjekk frå møte som ugild under handsaming av saka.

Rådmannen får eit lønstilllegg på 1,5% eller kr. 12.150,-. Ny årsløn vert dermed kr 822 150,-. Forslaget vart sett fram av Senterpartiet. Høgre sette fram eit forslag om at det ikkje skulle gjevast lønstilllegg i

år. Senterpartiet sitt forslag fekk 3 røyster (Ap, Sp og Krf) medan Høgre sitt forslag fekk 2 røyster (H og V) og fall.

Assisterande rådmann får eit lønstillegg på 2 % eller kr 15 200,-. Ny årsløn vert dermed kr 775 200,-. Forslaget vart sett fram av Senterpartiet. Dette forslaget vart samrøystes vedteke.

FS - 139/15 Vedtak:

Rådmannen Jan Olav Osen får ei auke på 1,5% eller kr. 12.150,- og ny årsløn frå 01.05.15 er kr 822 150,-.

Assisterande rådmann Olav Mongstad får ei auke på 2 % eller kr 15 200,- og ny årsløn frå 01.05.15 er kr. 775 200,-
